

Meir pedagogisk bemanning krevs

05.11.2011

Kommunen si tilsynsgruppe har hatt tilsyn i Dønhaug gardsbarnehage og mellom anna påpeika at barnehagen manglar 40 prosent pedagogstilling utifrå barnetal og forskriftar, Styraren har settt igang ein prosess for at barnehagen skal stetta krava.

Tilsynet hadde elles ein merknad om at barnehagen manglar informasjon om opptakskrets og vilkår stilt av kommunen etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar.

Ein ytterlegare merknad gjekk ut på at årsplanen ikkje gjev nok informasjon om korleis barnehagen arbeider med systematisk vurdering. Leiinga er medvitен om at vurdering er viktig for refleksjon og utvikling og årsplanen må vera meir konkret.